



**Liafjord som Eidsvik Skipsbyggeri har utstyrt er i dag ikkje ved kai, men det betyr ikkje at verket er fullført og båten levert, opplyser dagleg leiar Svein Arne Eidsvik. Den avanserte snurparen og trålarer er førebels ute på ein prøvetur. Når han kjem attende skal han leverast til reiarlaget på Straume på Sotra og det skjer venteleg like over helga. Båten betraktast no som fullført og skal hente nota før han dreg direkte ut på fiske i Nordsjøen.**

Skroget til ein identisk båt som skal heita Liafjell er under arbeid i Litauen og alt tyder på at også den blir utstyrt hos Eidsvik.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen